

# Mitt heimstadland

Eg aldri kan gløyma mitt heimstadland  
Med fjell og med heimar og brusande strand  
Med fjord og med holmar og hav ikring  
Og fuglesongen i austarvind

Og opp ifrå strand går ein gamal sti  
Vel forma og laga i gamal tid  
Der halvvegs ein kipestein, svart og grå  
Han står som eit minne mot himmel blå

Med grønleta bøar og avlingar rik  
Med bjørkeskogen i tronge vik  
Med nøter og garn og med sei og laks  
I grendene her var det mannfolk vaks

I storm og i stilla på havet dei laut  
Mens bylgjene trugande mot dei braut  
Med vind i sitt segl og med kurs mot mål  
Ja, slik vart dei seige og hard som stål

Her landet det vaks under arbeidshand  
Mens folket dei sleit på sjø og på land  
Så lite dei kravde, så mykje dei vann  
Slik er det å væra ein føregongsmann

Her skoda eg landet for fyrste gong  
Så fint og så fritt i mor mi sin song  
Her spirde ein vår i mi sjel, mitt sinn  
Og her fekk eg arven som stødt er min.